

ØRSKOG HISTORIELAG: GODT FRAMMØTE – MED ÅRSSKRIFT 2013.

Sist onsdag møttest fram mot 30 personar på Historielaget si siste kveldsete i 2013.

Denne gongen hadde laget valt å presentere glimt frå laget sitt årsskrift 2013 - nr 23 i rekkja.

Reidun Klock Tjervåg - ein av bidragsytarane til boka – leia oss gjennom ei reise der vi var innom mange av dei interessante artiklane i boka. Ove Eide med sikring av gruvene i Liafjellet, Tore Gjære med saga til Ørskog vassverk (50 år), Ole Ø. Nybø med dødssynda på Nedrevoll, Turid V. Haddal tok for seg verksemda Smyrna frå tidleg 1950-talet, Eldbjørg Braute hadde skrive saga om Haukås medan Reidun ga oss glimt frå artiklane om føregangskvinner i Ørskog. I tillegg inneheld boka ei rekkje fine artiklar der fleire har vore bidragsytarar: Anders Aanes om Ivar Aasen, Einar Landmark med fleire artiklar, Norunn Tomren om Tomren Konfeksjon. I tillegg har Ole Øystein funne fram ein del perler frå fotoarkivet – som er krydder i boka – saman med viktige hendingar i 2013.

Årsmeldinga til laget er også med saman med medlemsliste. Takk til annonsørane som har vore med å løyse oppgåva økonomisk. Ragnar Bakken retta ei stor takk til skriftnemnda for solid arbeid med boka. Mykje verdfullt lokalstoff er samla også i år. Laget hadde dessutan lagt inn ei markering av at Ole Øystein Nybø fekk Ørskogprisen. Han har utført eit stort og viktig arbeid. Laget er stolt av å ha slike medlemmer! God bløtkake og godt prat avslutta ein fin kveld på Kyrkjetoget – der leiaren i laget Grethe Leikny Gjerde ønskte oss alle god jul!

Ragnar Bakken – sekr . -